

## Ungdomsrådet om budsjettet

Vi i ungdomsrådet er ikkje fornøgd med budsjettet for åra framover. Det er gjort store kutt i alle avdelingar som har tilbod til barn og unge. Det er kutta i budsjetta til ungdomsklubben, kulturskulen, biblioteket og støtte til ulike lag og organisasjonar som tilbyr fritidsaktivitetar til barn og unge.

I tillegg har dykk kutta alle våre midlar på budsjettet. **Me syns ikkje dette er greitt!**

Austrheim ungdomsråd ga frå seg godtgjersla si i 2010 for at det skulle være meir pengar på budsjettet til å utføre aktivitetar for barn og unge. No har ungdomsrådet blitt fråtatt alle midlar og må spørje om å få pengar til å reise på ungdomsråds samlingar med fylke. Dermed ynskjer vi ikkje å gi frå oss godtgjersle lenger ettersom at pengane som ble sagt frå oss ikkje lenger er mogleg å bruke til felles aktivitetar i kommunen. I retningslinjene for Austrheim ungdomsråd står det at vi skal ha ein viss sum til rådighet. Ein relativ mindre sum til møteverksemd og ein relativ større sum som skal gå til tiltak som kan gjere oppveksten betre i Austrheim. Dette står under **§ 7 ØKONOMI**.

Kulturskulen er eit fantastisk tilbod for barn og unge. Det er fint for dei som ikkje ynskjer å spele klarinett i korpset eller spele spiss på fotballaget. Ynskjer barn og unge å lære supre teikneteknikkar eller lære seg fantastiske gitargrep, så burde deke ikkje kutte ut moglegheita til å utvikle desse talenta.

På ungdomsklubben møtes alle moglege ungdommar. Her kan dei henge og ha det kjekt saman. Klubben er ein fin møteplass for ungdommar frå 8. klasse til 2. vidaregåande. Har ikkje ungdommane denne møteplassen, blir det større moglegheit for at ungdommane driver med hverk, rus osv.

Biblioteket er også ein møteplass for dei borna og ungdommane som er meir glad i å lese og jobbe med lekser osv. Å kutte budsjettet på biblioteket og gje eit dårlegare tilbod til desse born og ungdom vil vera uheldig. Dei vil nok sitte meir heime aleine enn det å være kunne vera sosial på ein rolig plass som biblioteket.

Deke politikarar sa på eit debattmøte på Kaland skule at dykk vil at Austrheim skal være ein kommune som er attraktiv å bu i. Kutta som blir gjort, gjer ikkje Austrheim attraktiv! Desse kutta gjer at ungdommane i Austrheim tar første moglegheit dei får til å flytte vekk herifrå! Austrheim vidaregåande vil og få færre søkarar frå kommunen, som gjer det lettare for fylkeskommunen å legge ned AVS. Det har Austrheim kommune jobba hardt for at skal ikkje skal skje.

Vi i ungdomsrådet føler at barn og unge i Austrheim har blitt totalt oversett! De kuttar midlar til oss unge utan å i det heile spørje oss kva kan konsekvensane av slike kutt kan verta. Vi trenger betre samarbeid! Om dykk har ei sak som angår oss barn og unge, burde de ta tak i oss og spørje oss. Spør oss korleis kan vi spare. Ungdomsråd er vorte lovpålagt for ein grunn! Vi skal ikkje berre sitte her til pynt, vi har rett til å bli høyrte, vi er valt ut av ungdommen i Austrheim til å fremja deira sak! Deke har eit ungdomsråd! Bruk oss!

Helsing

Evelyn R. Bjørnbekk

Malin O. Rasch

Leiar Austrheim ungdomsråd

Nestleiar Austrheim ungdomsråd